PLAN- OG UTBYGGINGSKONTORET
Førde - Gaular - Jølster - Naustdal
TELEFON (057) 21 033 - 22 328
POSTBOKS 340 — 6801 FØRDE

FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE
HERMANNSVERK

REGULERINGSPLAN FOR SANDE, OMRÅDET MELLOM GAULA OG RIKSVEG 14/610.

R E G U L E R I N G S F Ø R E S E G N E R:

§1. Det regulerte området er vist med reguleringsgrense. Innanfor reguleringsgrensa skal bygningar plasserast innanfor dei viste byggelinefråstandar frå riksvegar og kommunale vegar.

§2. Tomter for offentlege bygg.

Offentlege bygg kan førast opp i inntil to etasjar. Bygget og tomta si utforming med avkøyring, parkering, planting og event. inngjerding skal i kvart einskild tilfelle godkjennast av bygningsrådet som også kan krevje utarbeidt bebyggelsesplan for eit større område med høgdeopprise for heile området, før byggemelding for eit einskild bygg vert godkjend.

§3. Tomter for forretning, kontor og service.

a) På desse tomtane kan det byggast i inntil to etasjar, og der det høver med terrenget kan bygningsrådet samtykkje i at det også vert bygt med utnytta sokkeletasje.

b) Bygningsrådet kan samtykkje i at det i 2. etasje vert innreia for bustadføremål, når bustaden har direkte tilknyting til verksemda.

c) Bygningsrådet kan forby verksemd som etter rådet sitt skjøn er sjenerande for grannar eller til ulempe for offentleg ferdsel.

d) Bygget og tomta si utforming med avkøyring, parkering, planting og event. inngjerding skal i kvart einskild tilfelle godkjennast av bygningsrådet som også kan krevje utarbeidt bebyggelsesplan for eit større område med høgdeopprise for heile området, før byggemelding for eit einskild bygg vert godkjend.

e) Kvar verksemd skal på eigen grunn ha plass for parkering og på- og avlessing som etter bygningsrådet sitt skjøn er naudsynt for eigedomen sin bruk.

§4. <u>Tomter for industri.</u>

a) Innanfor industriområdet kan arealet delast opp etter dei einskilde verksemder sin trong, etter grenser som for kvart einskild tilfelle skal godkjennast av bygningsrådet.

b) Anlegg med utforming og plassering skal godkjennast av bygningsrådet i kvart einskild tilfelle. Bygningsrådet kan fastsetje at verksemder som etter bygningsrådet sitt skjøn kan føre med seg særlege ulemper vert vist til bestemte deler av arealet, eller til andre industriareal.

c) Bygningar skal oppførast innanfor dei viste byggeliner og skal oppførast av branntrygge materialar i høgde inntil 7 m.

d) På arealet for industri kan det ikkje førast opp bustadbygg. Bygningsrådet kan gjere unntak for bustader med direkte tilknyting til verksemdene, slik som vaktmeisterbustad o.l.

e) Inngjerding av einskildtomtar må meldast til bygningsrådet som skal godkjenne plassering av gjerde, og også høgde, konstruksjon og farge.

f) Kvar verksemd skal på eigen grunn syte for turvande trafikkareal og parkering, med <u>min.</u> ein parkeringsplass for kvar 50 $m^2$ grunnflate.

§5. <u>Friområde.</u>

Langs Gaula er vist eit samanhengande friområde for heile det regulerte området.
Dette området skal ligge urørt for fri ferdsel og kan ikkje nyttast til nokorlags føremål av dei tomtefestarar som grensar inn til området.

F-3162+3622/77 TN/emn Førde, den 28. september 1977